

Korleis føre ein revisjonsoperasjon i SOReg?

Definisjon: Ein **revisjonsoperasjon** er ein operasjon der ein endrar den tidlegare fedmeoperasjonen. Dette er enkelt å forstå dersom ein konverterer frå ein operasjon til ein annan. Enkelte reoperasjonar kan vere vanskelegare å definere, her er nokre eksempel:

- **Roux-y gastrisk bypass:**
 - Revisjon av GE-anastomosen er «revisjon uten endring av grunnmetode» (t.d. pga ulcus).
 - Revisjon av EE-anastomosen er operasjon for komplikasjon og ikkje ein revisjonsoperasjon (med mindre ein i vesentlig grad endrar lengda på tarmslyngene).
- **Sleeve:**
 - Konvertering til RYGBP er ein revisjonsoperasjon.
 - Rereseksjon av sleeve er «revisjon uten endring i grunnmetode».
 - Hill's operasjon eller anna lokalt inngrep mot reflux er operasjon for komplikasjon og ikkje revisjonsoperasjon.
- **Avbroten operasjon** vert rekna som primæroperasjon. Ny operasjon etter tidlegare avbroten operasjon vert difor rekna som revisjonsoperasjon.
- **Fjerning av gastrisk band** er «tilbakekobling til normal anatomi» (med mindre det blir gjort ein fedmeoperasjon i same seanse).

Revisjon når pasienten *ikkje* er registrert i SOReg frå før:

- Hugs skriftleg samtykke frå pasienten!
- Fyll ut «Pasientopplysninger» og «Basisregistrering» på vanleg måte.
- På «Operasjonsdata» svarer ein «Ja» på spørsmålet om tidlegare fedmeoperasjon. Det kjem då opp tilleggsspørsmål om «Hvilken operasjon» og «Årstall for tidligere fedmekirurgi»:

Tidligere kirurgi	
Er pasienten tidligereolecystektomert?	<input type="text"/>
Har pasienten tidligere gjennomgått antirefluxkirurgi?	<input type="text"/> *
Tidligere fedmeoperasjon	1 Ja <input type="text"/> *
Hviken operasjon?	<input type="text"/> *
Årstall for tidligere fedmekirurgi	<input type="text"/>
Aktuell operasjonsindikasjon	

- Under «Aktuell operasjonsindikasjon» skal ein svare på kvifor det vert utført revisjonsoperasjon.
- Før operasjonsskjemaet, ferdigstill og lagre på vanleg måte.

Korleis føre ein revisjonsoperasjon i SOReg?

Revisjon når pasienten er registrert i SOReg frå før:

1. Start i løpet *før* revisjonsoperasjonen og avslutt dette løpet. Registrer *alltid* i kronologisk rekkefølge:

A. Registrere helsemessig status før revisjonsoperasjon:

- Ved revisjonsoperasjon 0-30 dagar etter primæropasjonen skal ein bruke 6-vekersskjema. Ved revisjonsoperasjon meir enn 30 dagar etter primæropasjonen, bruk aktuelle årskontrollskjema.
- Før data for pasienten sin situasjon slik denne er **like i forkant** av revisjonsoperasjonen. Dette blir som regel **journalopptak** i forkant av revisjonsoperasjonen.
- Dette blir **basisregistrering** for revisjonsoperasjonen.

B. Avslutt forløpet til tidlegare operasjon, svar ja på dei to spørsmåla under:

Oppfølging ett år	
Har pasienten utgått fra registeret	0 Nei
Har pasienten vert innlagt på sykehus siden forrige registrering.	0 Nei
Substitusjon	
Substitusjon som pasienten har tatt regelmessig det siste året	
Profylakse	
Profylakse med PPI	
Profylakse med Ursofalk	
Type oppfølging	
Oppfølging	1 Frammøte
Oppfølgingsdato	2019-08-01
Operasjoner	
Er pasienten operert siden forrige registrering eller er det planlagt en revisjonsoperasjon?	1 Ja
Er en revisjonsoperasjon utført eller planlagt?	1 Ja

2. Opprett nytt forløp for revisjonsoperasjon:

For å registrere ein revisjonsoperasjon, gå til sida for **pasientopplysingar**. Klikk på OK etter namn og pasient ID og pasientinformasjon kjem opp.

Oversikt pasientinformasjon									
123987, Moe, Slette (29) ok - Basisregistrering ok									
Sykehus	Operasjonsdato	importert	Op.ID	Op	6 u.	1 år	2 år	5 år	10 år
Testsjukhus Norge	2020-01-15	Nei	GBP (355)	ok	ok	ok	✘	✘	✘

Korleis føre ein revisjonsoperasjon i SOReg?

Klikk på «Opprett revop» nede til venstre.

Pasientopplysninger	
Type fødselsnummer	88 Annet <input type="checkbox"/> * Kryss av for å oppdatere pasientinfo <input type="checkbox"/>
Fødselsnummr eller nødnummer	123987 *
Etternavn	Moe *
Fornavn	Slette *
Kjønn	1 Mann <input type="checkbox"/> *
Fødselsdato	1968-07-05 *
Utgått fra registeret	
Har pasienten utgått fra registeret	0 Nei <input type="checkbox"/> *
Ferdigstillt	Data er ferdigstillt/låst
<input type="button" value="Opprett revop"/>	<input type="button" value="Lås opp"/> <input type="button" value="Slette"/> <input type="button" value="Lagre"/>

Det vert no oppretta eit nytt forløp for pasienten. **Verdiar frå siste kontrollskjema vert automatisk overført som basisregistrering til revisjonsoperasjonen.** Dei neste kontrollskjemaa skal fyllast ut i det nye forløpet. Oversikts-skjemaet for ein pasient som blir revidert i tilknytning til eit-års kontrollen vil då sjå slik ut:

Oversikt pasientinformasjon									
721215, Olsen, Ole (232) ok - Basisregistrering ok									
	Sykehus	Operasjonsdato	importert	Op.ID	Op	6 u.	1 år	2 år	5 år
▼	Testsjukhus Norge	2014-04-15	Nei	GBP (261)	ok	ok	✘	✘	✘
	Testsjukhus Norge	Ikke oppgitt	Nei	(262)	-	-	✘	✘	✘